



HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2305
Klubbnr. RK

Månedsbrev for mai 2016.

Årgang 51



Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.

President: Bernhard Harkjerr
Visepres: Eileen Brandal
Sekretær: Arne G. Aschehoug
Kasserar: Johs. J. Hareide
Past pres: Øystein Alme
Styremedlem: Sverre J. Ulstein
Styremedlem: Hanne Rognan
Ansv.red.: Karin S. Holstad
Referent: Karin S. Holstad

Du var i vinden

Eg er ein båt
utan vind
Du var vinden.
Var det den leidi eg skulde?
Kven spør etter leidi
når ein har slik vind!

Olav H Hauge

Referat frå møte i Hareid Rotary 23.05.16

I dag holdt Arve Røyseth eit svært interessant foredrag om Brandal frå 1700 talet og fram til i dag. Han fortalde om Rasmus B.Dalabø som skriver om då det var kloster i Runnane i 1713. Klosteret var bygd av stein og stod på ein holme i Indreelva. Langskips var vent mot vest, koret mot aust, og inngangen mot vest. Der var ingen kyrkjegard. Klosteret var eigd og drifta av munken pater Celth. Han var ein gudsfryktig mann, nidkjær mot alt som var vondt, men god mot sine egne. Munkane som budde der var arbeidsame folk, mange av dei hadde vore fiskarar. Dei reiste av og til på sjøen for å fiske til eige bruk, andre dyrka jorda samt jakta på dyr. På den måten livnærte dei seg. Pateren var ein velholden mann, og hadde laksegarn i elvane. Ein dag han kom bort til elva, vart han var ein mann som heldt på å stikke laks i garna med ein 'styrkjestikkar', og der låg 4 fiskar på land. Pater Colth vart harm, og lurte seg inn på mannen bakfrå og stakk dolken sin tvert gjennom mannen, og han døde. Colth tok liket og bar det fram om holmen og grov det ned der. Holmen er den som i dag vert kalla Kvennhushomen. Pater Colth døde 78 år gamal, klosteret var oppløyst og sanert, og no står berre murane att. Hans Strøm skriver i sin bok, at at Brandal var eit senter for hjorten på 1700-talet, for heile Sunnmøre. Dette p.g.a. store beitemarkar. Her var store mengder hjort, ein grøderik dal med mykje skog, møllebruk, korn-markar, laks i elvane, og rike fiskeplassar. Futen Andreas Landmark vart konstituert i 1797 i Brandal, og han møtte på Stortinget i 1821. Året etter vart han sorenskrivar. Fiske i 1880-åra på Sunnmøre. Første banklinebåten var 'Nordeggen. Det dei fiska fyrste vinteren, vart tilvirka i Brandal. Dei var 12 mann som var med på dette. Kolbein Kvitnes var medeigar ilag med fleire frå Brandal, og var skipper ilag med Johan Skarbakk. Arve fortalde også om då Kolbein gifta seg med Marie, som er hans oldeforeldre. I 1889 la Severin Brandal og sonen Peter S. ut på ein ekspedisjon til Svalbard for å leite etter sel. Dei var skippera på kvar si skute, Nils Liaen og Minna. Dette vart opptaket til selfangsten i Nordishavet som etter kvart skulle få så mykje å seie for næringa på heile Sunnmøre. Nokre framsynte kara i Brandal skipa E-verk i 1914. Den første tlf.sentralen kom til Brandal i 1903. I 1914 hadde Brandal firedelt skule, med opptil 70 elevar. I 1967 vart det bygd ny skule, gamleskulen vart då bedehus. I 1928 var det 91 born i skulepliktig alder. I 2005 vart 5-7 klasse flytta til Hareid, i 2008 vart resten lagd ned, her var då ca.50 born. Sidan har det vore privatskule i bedehuset. No har Brandal kjøpt skulen, og skal no renoverast og brukast til skule og andre ting.



Møte i Hareid Rotary 30.05.16

I dag skal vi få ynskje velkomen eit nytt medlem, det er Otto Hovlid. Hans fadder er Bernhard Harkjerr. Han vart innsett av Johan Ole Brandal som leia seremonien. Etter møtet var det kaffi og kaker, då det er siste møtet i mai mnd.

